

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 20/2005

Møtedato: 6.4.05

Arkiv nr:

Tomtefesteloven – økonomiske konsekvensar for fjellstyra

Fjellstyret har drøfta Statskog si utgreiing om økonomiske konsekvensar for fjellstyra av innløysingsretten for fritidsbustadar i statsallmenning.

Statskog konkluderar med at inntektene til fjellstyra kan oppretthaldast om innløysingssummen blir plassert i eit sentralt fond ved investering i pengemarknadsfond, obligasjonar og kapitalgaranterte produkt. Dette føreset også at Staten opprettar eit fond med bufferkapital.

Kalkylane er gjort ut frå forventa avkastning basert på historiske tal. Statistikk kan brukast på mange måtar. Statskog si berekning av historiske tal for statsobligasjonar/KPI er gjort over 19 år, dvs for den perioden som har hatt maksimal avkastning. Om vi brukar andre periodar går avkastninga ned; ved 10 år med 1,01 %, ved 30 år med 1,64 %, ved 50 år med 2,74 % og ved 100 år med 3,41 %. Alle andre tidsperiodar enn det Statskog har brukt, gir lågare avkastning !

Statskog konkluderar i sin rapport at dette er investeringar med relativt låg risiko. Når det er teke utgangspunkt i den perioden som har hatt maksimal avkastning, blir dette feil. Risikoen blir i realiteten stor. Forvaltning med auka risiko er uakseptabelt for fjellstyra.

Forvaltning av innløysingssummane i eit sentralt fond er ikkje akseptabelt for fjellstyra. Dette er inntekter som skal gå direkte til fjellstyra på same måte som festeinntektene (jfr. Fjellovens § 11).

Skissa til Statskog føreset også at Staten opprettar eit bufferfond for å fange opp årlege svingingar i avkastninga. Det er ikkje gjort greie for storleik på fondet eller om det er realistisk å få løyvingar til dette.

For fjellstyret er innløysingsrett i statsallmenning ikkje berre eit spørsmål om økonomi. Sal og etablering av private einingar i statsallmenningane vil skape problem for bruksrettene og andre viktige interesser i områda. Prinsippet om at statsallmenningane er udelelege er svært viktig og lovendinga kan vera starten på ei større oppdeling av allmenningane.

Norges fjellstyresamband har i brev datert 5.4.05 kommentert Statskog si utgreiing.

Vedtak:

Vestre Slidre fjellstyre støttar Norges fjellstyresamband si uttale om økonomiske konsekvensar for fjellstyra.

Statskog si utgreiing bygger på at heile innløysingssummen blir før inn eit sentralt fond og at det blir lagt opp til investeringar som gir auka risiko for avkastning. Dette er strategiar som er uakseptable for fjellstyra. Statskog sine konklusjonar er dessutan basert på det maksimalt resultat for avkastning dei siste 100 år og vi kan ikkje vente slik avkastning Statskog skisserar.

For Vestre Slidre fjellstyre, som vil ha størstedelen av inntekta frå feste, vil endringane føre til eit stort inntektstap. Stortinget sin føresetnad for innløysingsrett i statsallmenning, var at fjellstyra sitt drifts-grunnlag ikkje skulle svekkast.

Reduksjon i inntekta til fjellstyra må kompenseras ved at ein større del av innløysingssummen går til fjellstyra. I tillegg kan andre inntekter til grunneigarfondet (utanom hytter/hotell) på same måte blir overført fjellstyra. Kalkylar som tidlegare er oversendt LMD, syner at sjølv ved 100 % overføring av innløysingssummen til fjellstyret, vil det bli inntektsreduksjon.

Fjellstyret ber derfor LMD legge til rette for at loven blir endra til at det ikkje blir innløysingsrett for fritidsbustad i statsallmenning, og at statsallmenning blir likestilt med anna allmenningsgrunn.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 11.6.05

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: LMD, Næringskomiteen, Norges fjellstyresamband